



MELAND KOMMUNE

Postboks 79

5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/1644 - 19/11203

Saksbehandlar:

Merethe Tvedt

merethe.tvedt@meland.kommune.no

27.05.2019

## Reguleringsplan for Fossesjøen - Høyring og offentlig ettersyn

I medhald av plan- og bygningslova § 12- 10 har Kommunestyret 15.5.2019, som sak 24/2019, gjort vedtak om å leggja planframlegg ut til offentlig ettersyn.

Formålet med detaljreguleringa er å legge til rette for 164 bustader i form av blokkbebyggelse/rekkehus, eine og tomannsbustader med tilhøyrande leikeplass og infrastruktur. Planområde regulerer for nokre fritidsbustader, som er ei vidareføring av eksisterande bruk. Aust i planområde er det tilrettelagt for fire naust. Planområde er på om lag 141 daa.

Planframlegget omfattar følgjande dokument:

1. Plankart, datert 12.02.19
2. Reguleringsføresegner, datert 13.02.19
3. Planskildring, datert 13.02.19
4. Illustrasjonsplan, datert 07.12.19
5. Notat trygg skuleveg\_Fossesjøen, datert 17.01.19
6. Merknadsskjema til varsel om oppstart
7. Referat frå oppstartsmøte, datert 07.09.2015
8. Planvedtak, datert 15.5.2019

Framlegg til plan vert no lagt ut til høyring og offentlig ettersyn, kunngjort i avisa strilen og på kommunen si heimeside. Grunneigarar, lag, organisasjonar og offentlege instansar vert direkte tilskrive.

Plandokument og vedtak ligg på [www.meland.kommune.no](http://www.meland.kommune.no) under høyringar og offentlig ettersyn (sjå meny til høgre på startside), og til gjennomsyn i resepsjonen på Rådhuset.

Perioden for offentlig ettersyn er sett frå 28.05.19 – 09.07.19

Merknader til planforslaget må vera framsett skriftleg innan merknadsfrist. For å kome med merknad kan ein enten nytte kommunen sitt elektroniske høyringsskjemas om ligg under høyringar og offentlig ettersyn på heimesida, sende e-post til [postmottak@meland.kommune.no](mailto:postmottak@meland.kommune.no) eller sende brev til Meland kommune, Postboks 79, 5906 Frekhaug. Merknaden stilast til planavdelinga.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

[www.meland.kommune.no](http://www.meland.kommune.no)  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

**Merknadsfrist er sett til 09.07.19.**

Med helsing

Merethe Tvedt  
Rådgiver planforvaltning

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*